



Arne Møller med skiltet og skøyta i bakgrunnen

**Bøkkervelden på Rød laurdag vert ein stor kveld for dei mange som er interesserte i historia om sjø og båtar. Framfor alt vert det spennande å høyra om den unike motorskøyta som uskedalingane Runar Myklebust og Arne Møller har fått gratis og som er i overkant av 100 år gamal. Båten kom til Uskedalen eller nærare bestemt Ytre Eik i mars etter ein frisk tur frå Karmøy. Ho ligg utanfor naustet til Møller og vert beundra av mange.**



Det er ei staseleg skøyte

Møller(62) er tidlegare reparatør og har gjort teneste som det på 6 båtar i utanriksfart. På ein sjuande båt var han frysemaskinist. Han jobba i Nordsjøen frå 1978 til 2000. No er han pensjonist.

Med sin bakgrunn var det ikkje rart at han bokstaveleg tala tente på alle pluggane då motorskøyta vart avertert på finn.no. Båten er bygd som seglskøyte ein gong mellom 1897 og 1905 på Lista. Skøyta kjem frå Hundvåg i Rogaland og har vore 75 år i den same familien.

Johan Stangeland kjøpte ho på slutten av 1930-talet. Fyrst var båten seglskøyte og sidan har ho hatt 2 dieselmotorar. Ho har vore nytta til sildetransport. Då Johan Stangeland kjøpte båten fikk den navnet Jostang, men seinare Nadodd. Etter Myklebust og Møller overtok båten, fekk den navnet Fortuna.

I dei seinare åra har skøyta stått på land og det var fleire som vurderte ho etterat annonsen hadde stått. Men dei hadde problem med å få ho til å flyta. Lekkasjen var så stor som 1000 liter i timen, men Møller og Myklebust overtok båten. Dei fekk slept den til Kopervik, og saman med dottera Vivian gjekk Møller den til Steinsletto. Seinare gjekk Myklebust og Møller den til Skorpo og tetta skroget hos Vågen.

Neste etappe i restaureringa vert skifte av dekk og delar av skroget og målet til Møller og Myklebust er å ha fullført verket før neste påske. Dei skal gjera det meste av jobben sjølv og fører båten attende til rundt 1970 med omsyn til utsjånad. Mange har teke kontakt med eigarane om skøyta - ho er tydelegvis eit populært tema. Neste år går ferda kanskje til Shetland med Myklebust som skipper!

Det vert imidlertid eit høgdepunkt til i Bøkkerverkstaden som har med båtar å gjera. Møller vil overrekkja til Veteransklaget Fjordabåten ved Harald Sætre eit unikt byggeskilt frå DS Aalvik som fortel at båten var byggenummer 61 frå Mjellem og Karlsen og vart bygd i 1929. Den var passasjerbåt i mange år for HSD i Hardangerområdet men vart ombygd til frakteskøyte i 1962.

Skiltet fekk Møller av sin onkel Gustav på Karmøy og då låg det på bossdunga etter ombyggjinga.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen





Båter frå fleire tidsaldrar på Ytre Eik. Til venstre ein loddebåt som også vert presentert på Rød